



Justis- og politidepartementet
Innvandringsavdelingen
Postboks 8005 Dep
0030 OSLO

Oslo, 8. oktober 2010

Vår ref.: 427.4/LRK
Dykkar ref.: 201008351- /RDA

HØYRINGSSVAR FRÅ LNU – ENDRINGAR I UTLENDINGSLOVA OG UMLENDINGSFORSKRIFTA

LNU viser til brev fra Justis- og politidepartementet av 9. juli 2010, der departementet bed om kommentarar til framlegg om visse endringar i utlendingslova og utlendingsforskrifta.

LNU takkar for mulegheita til å gje innspel, og sender med dette våre kommentarar til dei av framlegga som gjeld mulegheita for asylsøklarar og andre utan opphaldsløyve til å delta i frivillig, uløna arbeid for frivillige organisasjonar.

Generelle kommentarar

LNU ser svært positivt på at departementet opnar for at utlendingar utan opphaldsløyve kan få ta del i frivillig, uløna arbeid. Det kan gje fleire asylsøklarar mulegheit til å få ein meningsfylt kvardag og større sosialt nettverk, og det er positivt for dei frivillige organisasjonane at så mange som råd kan velje å bidra til deira verksemd. For dei asylsøklarane som får opphaldsløyve vil frivillig arbeid kunne utgjere eit godt utgangspunkt for integrering og deltaking i det norske samfunnet.

Kommentarar til framlegget om ny § 10-1, andre ledd

Framlegget gjeld ei grense for frivillig arbeid på maksimalt fire dagsverk i veka for personar utan opphaldsløyve.

LNU viser til NOU 2006:13, der det blir peikt på den særlege rolla barne- og ungdomsorganisasjonane har som skolar i demokrati.


LNU viser vidare til avsnitt 3.2 i høyringsnotatet frå departementet, der det heiter at departementet meiner "at det ikke skal gjelde strengere rammer for adgangen til frivillig innsats for asylsøkere og andre uten avklart oppholdsrett, enn hva som er nødvendig ut fra andre vektige hensyn".

Landsrådet for Noregs barne- og
ungdomsorganisasjonar (LNU)

The Norwegian Children and Youth Council
El Consejo de la Juventud de Noruega

Øvre Slottsgate 2 B,
NO-0157 Oslo
Telefon +47 23 31 06 00
Telefaks +47 23 31 06 01
lnu@lnu.no
www.lnu.no

Org.nr.: NO 971 435 739
Bankkonto: 8398 05 05475
SWIFT: HANDNOKK
IBAN: NO24 8398 0505 475



LNU meiner forslaget vil føre til at personar i denne gruppa ikkje kan delta i alle demokratiske organ eller på sentrale arrangement i visse organisasjonar. Dette gjeld til dømes som delegat på landsmøte eller som frivillig hjelpar på sommarleirar som går over fleire dagar.

LNU meiner vidare at det på prinsipielt grunnlag er uheldig at det blir sett ei maksimalgrense for frivillig arbeid for personar utan opphaldsløyve, når det ikkje finst ei slik maksimalgrense for andre frivillige. Behovet for å verne personar utan opphaldsløyve mot å bli utnytta som frivillig arbeidskraft bør vere ivareteke gjennom forslaget om at dei ikkje skal kunne utføre arbeid som til vanleg blir utført av løna arbeidskraft eller eksterne næringsdrivande.

LNU vil på bakgrunn av dette oppmode til at departementet revurderer forslaget til ny § 10-1, andre ledd.

Kommentarar til spørsmålet om plassering av den nye regelen

LNU meiner det er tolkinga av omgrepet "arbeid" i Utlendingslova (i dagens § 55) som må klårgjerast. Det er vidare prinsipielt problematisk å forskriftsfeste særskilde reglar for særskilde grupper når det gjeld å delta i frivillig arbeid.

LNU føreslår på bakgrunn av dette at dei nye reglane blir plasserte i ein ny § 10-1 i Utlendingsforskrifta, der det blir fastslege kva for uløna innsats som ikkje skal reknast som arbeid etter lovas § 55, og ikkje i ein ny § 1-1A.

Med helsing
Landsrådet for Noregs barne- og ungdomsorganisasjoner (LNU)

A handwritten signature in black ink, appearing to read 'Bjarne Dæhli', with a stylized flourish at the end.

Bjarne Dæhli
leiar

A handwritten signature in black ink, appearing to read 'Tale Hungnes', with a stylized flourish at the end.

Tale Hungnes
generalsekretær

